



MØTEBOK 09/26

FORMANNSKAPET

Møtedato: 08.09.2026**Møtetid:**

Kl. 14:00 - 17:55

Møtestad: Sula rådhus, 4. etg**Saksnr.:**

068/26 – 074/26

Følgjande medlem møtte

Jim Arve Røssevoll

Karoline Antonie Slinning

Martin Nicolai Skår

Nils Erik Bjørkavåg

Turid Kristin Sand Humlen

Parti

AP

AP

FRP

H

H

Forfall meldt frå følgjande medl.

Bendik Valseth Havnegjerde

Åse Petrin Vegsund

Parti

FRP

KRF

Følgjande varamedlem møtte

Kjell Petter Dyb

Jan Magnar Sandvik

Parti

FRP

KRF

Møteleiar:	Turid Kristin Sand Humlen
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, kommunalsjef / assisterande kommunedirektør Sunniva Marøy Eriksen kommunalsjefane Ragnhild Hanken Skjong (oppvekst og kultur) og Gunhild Fjeldvig Tørlen (helse og meistring), HR-leiar Torry Larsen, einingsleiar John-Magne Eikrem (eigedom), fagleiar økonomi Per-Arne Christensen, rådgivar Per-Vidar Sæhaug (eigedom), rådgivar Irene Graskopf (plan, byggesak og geodata) og politisk koordinator Frode Elias Synnes.
Innkalling:	Innkalling med sakliste er sendt ut på førehand. Saksdokumenta til møtet har vore tilgjengelege for politikarane på møteportalen (https://sula.acosky.no/moteportal). Pga teknisk feil frå leverandør har dessverre ikkje sakene vore tilgjengleg for publikum på Sula kommune si heimeside før på sjølve møtedagen. Innkallinga vart godkjent.
Sakliste:	Ok.

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
068/26	Godkjenning av møtebok nr. 08/26	
069/26	Orientering om økonomisk status pr juli måned og prognose ut året	
070/26	Gnr 64 bnr 9 - Nausthaugen - Valg av finansieringsmodell - Bru, Pebakken	
071/26	Søknad om støtte til utskifting av plastgranulat kunstgrasbaner	
072/26	Ekteskapsloven - vigselssmynde i Sula kommune	
073/26	Referatsaker	
074/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	

068/26: Godkjenning av møtebok nr. 08/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Formannskapet 08.09.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

F - 068/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

069/26: Orientering om økonomisk status pr juli måned og prognose ut året

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

Behandling i Formannskapet 08.09.2026

Kommunedirektør og fagleiar økonomi orienterte.

Formannskapet ønsker for framtida, om det er mogleg, å få utsendt presentasjonar i forkant.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

F - 069/26 Vedtak:

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

070/26: Gnr 64 bnr 9 - Nausthaugen - Valg av finansieringsmodell - Bru, Pebakken

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula formannskap tar saksframlegget om val av finansieringsmodell for utviding/oppgradering av bru i Pebakken til orientering.

Sula formannskap godkjenner at totalkostnaden for oppgradering av brua - stipulert til omlag 15. mill kr - blir fordelt etter eit objektivt prinsipp om forholdsmessighet jf pbl § 17-3, der kostnaden blir fordelt likt pr bueining basert på det samla trafikkgrunnlaget på totalt 260 bueiningar (eksisterande, nye og framtidige).

Kommunedirektøren bes om å legge inn ei omsynssone H-850 for infrastruktur (jf pbl kap 12A) i kommuneplan sin arealdel, slik at framtidig utbygging i influensområde blir krevd sitt forholdsmessige anleggsbidrag ved framtidige detaljreguleringar.

Kommunedirektøren får fullmakt til å forhandle fram ein utbyggingsavtale med den private utbyggaren i planområdet, basert på eit fastsett beløp per bueining (stipulert til ca 57.700 per bueining), som forfell til betaling ved innvilga igangsettingsløyve (IG). Utkast til utbyggingsavtale skal leggst fram for Formannskapet til endeleg godkjenning.

Behandling i Formannskapet 08.09.2026

Saka vart drøfta.

Turid Humlen (H):

Saka blir utsett til neste møte slik at vi får fleire opplysningar og ei juridisk vurdering av dei ulike modellane for finansiering.

F - 070/26 Vedtak:

Saka blir utsett til neste møte slik at vi får fleire opplysningar og ei juridisk vurdering av dei ulike modellane for finansiering.

071/26: Søknad om støtte til utskifting av plastgranulat kunstgrasbaner

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Søknaden frå Langevåg idrettslag om eit ekstraordinært kommunalt tilskot på kr 1 000 000 til rehabilitering av kunstgrasbane vert ikkje innvilga.
2. Kommunen sitt tilskot til rehabilitering av lagsegde kunstgrasbaner skal følgje dei vedtekne retningslinjene for tilskot til kultur- og idrettsformål.

Behandling i Formannskapet 08.09.2026

Nils Erik Bjørkavåg (H):

Sula kommune gir Langevåg idrettslag kr 200 000 ekstra utover dei kr 400 000 dei fekk tildelt i vår. Dette blir finansiert av kommunen sitt disposisjonsfond.

Turid Humlen (H):

Nytt punkt 3. Formannskapet får dei ulike ordningane / regelverka for tilskotsordningar til kunstgrasbane til behandling. Hensikta er å sikre likebehandling i framtida.

Ved avstemming vart kommunedirektør sitt forslag sett opp mot forslag frå Nils Erik Bjørkavåg. Kommunedirektør sitt forslag fall med 2 stemmer (Jim Arve Røssevoll (AP) og Martin Skår (FrP)) mot 5 stemmer.

Innstillinga sitt punkt 2 vart samrøystes vedtatt.

Nytt punkt 3 vart samrøystes vedtatt.

F - 071/26 Vedtak:

1. Sula kommune gir Langevåg idrettslag kr 200 000 ekstra utover dei kr 400 000 dei fekk tildelt i vår. Dette blir finansiert av kommunen sitt disposisjonsfond.
2. Kommunen sitt tilskot til rehabilitering av lagseigde kunstgrasbaner skal følgje dei vedtekne retningslinjene for tilskot til kultur- og idrettsformål.
3. Formannskapet får dei ulike ordningane / regelverka for tilskotsordningar til kunstgrasbane til behandling. Hensikta er å sikre likebehandling i framtida.

072/26: Ekteskapsloven - vigselsmynde i Sula kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret vedtek å delegere vigselsmynde etter ekteskapslova § 12 b til følgjande personar i tillegg til ordførar og varaordførar:

- kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen
- assisterande kommunedirektør Sunniva Marøy Eriksen
- kommunalsjef Gunhild Fjeldvig Tørlen
- kommunalsjef Ragnhild Hanken Skjong
- HR-leiar Torry Larsen
- politisk koodinator Frode Elias Synnes

Behandling i Formannskapet 08.09.2026

Ved avstemming fall kommunedirektør si innstilling med 4 mot 3 stemmer (Karoline Antonie Slinning (AP), Nils Erik Bjørkavåg og Turid Humlen (begge H)).

F - 072/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek ikkje å tildele vigselsmynde til fleire personar enn dei som har det i dag.

073/26: Referatsaker

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 08.09.2026

Assisterande kommunedirektør orienterte munnleg.

Formannskapet sluttar seg til den løysinga som kommunedirektør har skissert då søkjar har fått medhald i si klage, sjå kommunedirektør si orientering i referatsak 007/26 – Orientering – drifts- og vedlikehaldsansvar – Lysløypa Vasset dokument med 3 vedlegg.

Saka blir lagt fram som referatsak for kommunestyret 17.09.26.

F - 073/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

074/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Formannskapet 08.09.2026

Nils Erik Bjørkavåg (H):

Spørsmålet gjeld ung mestring. Har vi avtale med Attvin om dei kan ta imot folk som skal ut i arbeidstrening?

Ordførar svarte at vi skal undersøke dette slik at vi får gitt svar i neste møte.

Jan Magnar Sandvik (SUL):

På sist kommunestyremøte før sommarferien, drøfta vi eigarskapet til lysløyper i Langevåg. Vi fekk ikkje svar då. Vil vi få ei kvalifisert betraktning frå kommunedirektør om dette?

Ordførar svarte at den saka vil bli behandla under referatsak og det vil bli svart ut då.

Kommunedirektør ved rådgivar plan, byggesak og geodata orienterte om framdriftsplanen med ny arealdel.

Kommunedirektør ved einingsleiar og rådgivar eigedom orienterte om eigedomsutvikling i Sula kommune.

Undervegs vart det gitt informasjon om alternative tomter. Eit samrøystes formannskap vedtok å lukke møtet under denne delen. Dette med heimel i kommunelova § 11-5 tredje ledd bokstav b, jf. gjeldande møtereglement og offentleglova § 23 første ledd, fordi omsynet til kommunen sine tungtvegande

offentlege interesser tilseier at møtet blir lukka. Det vil bli lagt fram og drøfta opplysningar om kommunen sin forhandlingsposisjon som kan svekkje kommunen si stilling i pågåande forhandlingar dersom dei blir offentleg kjende.

Presentasjonar blir gjort tilgjengeleg under den enkelte saka i møteportal og på heimesida under møtet.

Ordførar orienterte om:

- prosessen med ny Lerheimskai
- arbeid med Borgundfjordtunellen
- beredskapsøving evakuerte- og pårørandesenter måndag 12. oktober.
Utfordrar formannskapet og kommunestyret sine medlemmar til å melde seg som markør.
- markering Sula kommune 50 år 01.01.2027. På neste formannskapsmøte vil det bli lagt fram ei sak om dette.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

F - 074/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.